



ELEVDRIFT: Mari Skretting (t.v.) og Margit Auestad i full sving på læringsfabrikken Hubben på Varhaug. Dei driv bedrifta Moderne treverk EB. - Eg trur me vil få det godt til i lag, og me får god hjelp, seier økonomiansvarleg Margit Auestad optimistisk.

FOTO: JORUNN ERGA STEINSLAND

Bærekraftige elevbedrifter

LÆRINGSFABRIKK: Elevar frå dei fem ungdomsskulane i Hå kommune skal forandre møbelrestar og utgatte møblar til nye produkt i ein splitter ny læringsfabrikk på Varhaug. Møbelfabrikken Haugstad Møbel har inngått samarbeid med kommunen om den nye læringsarenaen.

SIDE 2 OG 3

● BRYNE SENTRUM:



- Fremdeles et tøft marked

Silje Gausland angret ikke på at hun satset på drømmen om en egen butikk, selv om det har vært og fortsatt er tunge dager og tøffe tak innimellom. Nå har hun drevet Designbutikken på M44 i over ett år.

SIDE 4

● SKATTELISTENE:



Bjørn hadde den største formuen, men Børre tjente mest i Time i 2019.

Se oversikten over inntekts- og formustoppen.

SIDE 12 OG 13

● FIKK PRIS:



Måtte korrigere ministeren

Da Torhild Renaa fikk matkulturpris av Olaug Bollestad for sitt arbeid, sto hun opp for yrket sitt. - Jeg er servitør.

SIDE 10



NYTT

KONTAKT OSS! 400 07 900

E-post: redaksjon@jbl.no

Twitter: @jaerbladet

Facebook: facebook.com/jaerbladet

Instagram: @jaerbladet



Jærbladet arbeider etter Ver Varsamplakatens regler for god presseskikk. Dei som meiner seg ramma av urettvis omtale, vert oppmoda til å ta kontakt med redaksjonen. Pressens Faglige Utvalg (PFU) er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presseforbund. Dei behandlar klager mot pressen i presseetiske spørsmål. Adresse: Rådhusgt. 17, postboks 46 Sentrum, 0101 Oslo. Tlf. 22 40 50 40, faks: 22 40 50 55.



Kirsten Marie Myklebust
ansv. redaktør og dagleg leiar
kirsten@jbl.no



Øyvind Ulland Sandmark
redaksjonssjef
oyvind@jbl.no



Tarjei Sel
sportsjournalist
tse@jbl.no



Åge Bjørnevik
journalist
abj@jbl.no



Trude Håland
journalist
trude@jbl.no



Brit Romsbotn
journalist
br@jbl.no



Tom Gøran Haukalid
journalist
tom.haukalid@jbl.no



Jorunn Erga Steinsland
journalist
jes@jbl.no



Snorre Standish
Norheim
journalist
snorre.norheim@jbl.no



Ane Ommundsen
journalist
ane.ommundsen@jbl.no



Thommas Husevik
journalist
thommas@jbl.no



Hilde Anette Ebbesvik
journalist
414 68 784
hilde.ebbesvik@jbl.no

Startar elevstyrt fabrikk:

- Dette gjer oss klare for arbeidslivet

Brukte møbler frå Vigrestad skal få nytt liv i staden for å bli søppel. Det skal elevlar i Hå-skulen sjørgja for.

JORUNN ERGA STEINSLAND
jorunn.steinsland@jbl.no

Hå kommune og Haugstad møbel AS har inngått eit samarbeid. Elevar frå dei fem ungdomsskulane i kommunen skal forandre møbelrestar og utgåtte møblar til nye produkt i ein splitter ny læringsfabrikk på Varhaug.

- Møblar blir søppel

Allereie på utsida av den gamle Uldal-fabrikken på Varhaug kan ein sjå at det er i ferd med å skje store ting. Berekraftsmål prydar fasaden, og på innsida er eit nytt fabrikk-konsept i ferd med å veksa fram - ein læringsfabrikk som har fått namnet Hubben.

På veg inn i den store fabrikkhallen, passerer ein fleire kontor som nyleg har fått seg eit strøk maling. To unge bedrifter sit bøygde over skisser og tal.

I hallen er maskinar allereie på plass, fleire er på veg, men har blitt forseinka i koronaåret 2020. Målet er ein heilt ny maskinpark, som skal stå tilgjengeleg for elevbedriftene. Sager og pussemaskinar er allereie på plass. Stiftemaskin og symaskin er også bestilt.

- Alt er industrimaskinar. Det viktigaste me kan lære ungdommane er HMS, seier Arvid Vigrestad, med eit nik mot dei store maskinane. Vigrestad er Haugstad møbel sin mann på Hubben, og titulterer seg sjølv som miljøarbeidar og alt-mogleg-mann.

Me skal laga ulike praktiske ting til heimen, for eksempel ein koneforlengar.
JULIE SKRETTING
Dagleg leiar, Moderne treverk EB

- Uansett kor du kjøper møblar, så blir det ein gong søppel. Då er tanken at dei kan bli til noko nytt, seier Vigrestad og fortel at i tillegg til eigne returavtaler, har møbelfabrikken avtaler med fleire andre firma om tilbakelevering av brukte møblar. Allereie har fabrikkene fått i retur ein mengde stolar frå blant anna Universitetet i Agder.

Tanken er at returmøblane skal gjennom ein prosess med redesign og bli til nye varer som skal seljast vidare av elevbedriftene.

Fabrikken er ikkje oppe og går for fullt, men Vigrestad håpar på nettbutikk og gjerne ein fast utsalsettermiddag i veka.

Pynt og pant

Men mykje av resultatet blir opp til bedriftene - altså elevane. Når Jærbladet er innom Hubben er to 10.-klassebedrifter frå Varhaug ungdomsskule i full sving. Ei av dei er bedrifta Pant og pynt EB.

- Me skal laga panteboks. Ein fin kasse du kan samla panteflasker i for å gjera det ryddigare og finare i heimen, forklarar Kevin Danielsen og Ane Øgreid Skretting (begge 15 år).

Medan Kevin er i produksjonen, er Ane dagleg leiar og økonomisk ansvarleg i bedrifta.

drift, utdjuvar Kevin. - Det er veldig spanande. Me får vist fram ei anna side av oss sjølv, legg Ane til. Som namnet seier skal bedrifta ikkje berre laga panteboksar, men også pynt. - Me ser føre oss å også laga litt hyller og lysestakar, blant anna, seier Ane og peiker på ein stor stabel plater av ulikt materiale.

Platene er framleis pakka inn i plast frå flytturen frå Vigrestad til Varhaug, men nå er bedrifta klar til å gå skrittet vidare frå skisser til realisering.

Elevebedriftene får bruka tre timar i veka på Hubben. Utover det er det opp til kva enkelt gruppe om dei vil leggja ned tid og innsats utover skuletida.

Koneforlengar frå Varhaug

Også den andre gruppa har kasta blikket mot haugen med resteplater og bordplater. Namnet på deira bedrift er Moderne treverk EB.

- Me skal laga ulike praktiske ting til heimen, for eksempel ein koneforlengar, forklarar dagleg leiar Julie Skretting. - Altså ein krakk med handtak som ein enkelt kan flytta rundt for å koma opp i dei høgaste skapa, legg ho forklarande til.

Kokebok- eller ipad-stativ og serveringsbrett er også på lista over produkt firmaet vil produsera. Gjengen har inga erfaring med verken møbeldesign eller produksjon frå før.

- Men eg trur me vil få det godt til i lag, og me får god hjelp, seier økonomiansvarleg Margit Auestad optimistisk.

Gjengen tykkjer det er veldig kjekt å få eit praktisk avbrekk i skulevardagen.



VARHAUG U: Jane Helen Jelsa har ansvaret for ungdomsbedriftene frå Varhaug ungdomsskule.



PÅ HUBBEN: Ane Øgreid Skretting, Jakob Urban (bak) Marcus Hognestad og Kevin Danielsen i Pynt og pant EB i full sving med å velja ut plater til sin pantekasse.



ELEVBEDRIFT: Dette er elevbedrifta, Moderne treverk EB frå Varhaug ungdomsskule. Frå venstre: Mari Skretting, Ingeborg Håland Årdal, Kine Haugsdal, Julie Skretting, Margit Auestad og Adine Ridola Haugstad (alle 15 år).



ELEVBEDRIFT: Mari Skretting, Julie Skretting og Margit Auestad i full sving på læringsfabrikken Hubben på Varhaug.

ALLE FOTO: JORUNN ERGA STEINSLAND

- Me har alle måla våre klare og ventar berre på å få starta opp, seier Julie, før ho smiler fint på eit bilete som skal inn på instagramprofilen til bedrifta.

Berekriftsmål som utgangspunkt

Men Hubben har ikkje berre ungdomsbedrifter. Jane Helen Jelsa er tilsett på Varhaug ungdomsskule og har ansvaret for dei to ferske elevbedriftene frå Varhaug ungdomsskule. Ho

følgjer smilande med på dei engasjerte ungdommane, og fortel at heile prosjektet tek utgangspunkt i FN sine berekraftsmål.

- Haugstad møbel får mykje møblar i retur frå institusjonar, skular og barnehagar. Utgangspunktet er at elevane skal laga noko nytt av dette, seier Jelsa, og legg til at elevane er delte inn i fleire, små bedrifter av skulen. Alle bedriftene må laga sin ei-

egen forretningsplan, sine eigen produkt og sjølv driva marknadføring og sal.

Så langt i haust har ungdommane pussa opp lokala Hubben har flytta inn i. Prosjektet er framleis i oppstartsfasen, men både 15-åringane frå Varhaug ungdomsskule og ansvarleg Jelsa tykkjer det er meir enn greitt å vera prøvekaninar.

- Dette er kjempegildt. Me går på ein måte opp ein veg som ingen andre har gått før, så det er ein del me må finna ut av undervegs, seier Jelsa.

Ny stilling

På Hubben skal det både vera kommunalt tilsette og representantar frå Haugstad møbel. Kommunen er i desse dagar

ferd med å spikra stillingsinstruksen til ei ny stilling i 50 prosent som berre skal arbeida med Hubben. Så snart alt er på plass, skal stillinga lysast ut.

Initiativet til heile samarbeidsprosjektet kom frå møbelfabrikken. Arbeidet vart starta tidleg i 2020, men stoppa opp då koronapandemiet melde sitt inntog.

Men i haust starta altså samarbeidsprosjektet opp i det små. I fyrste omgang er det ungdommar som anten har faget arbeidslivsfag eller valfaget design og redesign som får koma på Hubben. Arbeidslivsfag er eit tilbud til dei ungdommane som ikkje har eit tredje språk på ungdomsskulen.

- Me starta opp med dei som det var enklast å få i gang raskt - dei faga som låg nærast, seier skulesjef i Hå kommune, Rune Roaldsen.

Han fortel at målet er at alle elevlar på ungdomstrinnet i Hå kommune skal innom Hubben. - Hubben gir unike moglegheiter. Her har me ein heil fabrikk som er klar til å ta i mot elevlar. Dei får tilgang til pc-utstyr og maskinar og kan gå i gang og produsera det dei sjølv har tenkt seg fram til, seier skulesjefen engasjert.

Kommunen planlegg ut ifrå at alle elevlar på eitt trinn, truleg niande trinn, vil få eit tilbud på Hubben allereie neste haust.

- Gjer skulen meir relevant

Skulesjefen håpar Hubben vil vera noko av løysinga for ei årelang utfordring i Hå-sku-



BEREKRAFT: Hubben på Varhaug tek utgangspunkt i FN sine berekraftsmål. Dei er også klistra på veggen på utsida av læringsfabrikken.

len, nemleg manglande motivasjon.

- Me vil ha meir motivert elevlar og vil gjera skulen meir relevant. Då veit me at praksis er ein fin måte å gjera dette på. I tillegg er berekraft ein viktig del av ny læreplan, så dette passa veldig godt. Det er ingen betre måte å læra om berekraft enn å vera ein del av det, i staden for å sitja i eit klasserom og høyra om det, seier Roaldsen.

Skulesjefen liker også veldig godt at elevane må fylla alle rollene i ei bedrift og dermed ser at alle er avhengige av kvarandre.

- Me er glade for å vera i gang og ser at det er her er potensial til å riva ned litt skil som du får i eit vanleg klasserom. Her kan alle vera med og bidra med sitt, seier skulesjefen som tykkjer det er kjekt og spanande å samarbeida med næringslivet.

Kommunen er også i ferd med å laga ei fast avtale med Ungt entreprenørskap som kan stilla med rettleiing og støtte. Medan Time og Klepp kommunar har erfaringar med elevbedrifter frå før, er dette heilt nytt i Hå kommune.

- Her må me gå opp ein sti. Reisa har akkurat begynt, seier skulesjefen.

JULEGAVETIPS!
Muchachomalo 2 pk boxer shorts

ÅPENT FRA 10. DES.: 10-20 (16)
SØNDAG: 14-18
JULAFTEN: 10-13

Følg oss på Facebook, Instagram og Snapchat

eikhi

DISTRIKTETS STØRSTE UTVALG I HERRE-/UNGDOMSKLÆR - Smokingutleie - Sko - Egen systue
Eikhigården, Bryne, tlf. 51 48 15 95 - www.eikhi.no